



Rapport for 2022

## Mentorordninga i landbruket, ref.19/1810

### Målloppnåing

Målet med Mentorordninga i landbruket er å hjelpe unge produsentar under 35 år, eller nye produsentar innan landbruket eller landbruksbaserte næringer, med kompetanseheving gjennom personleg rettleiing i ein oppstarts- eller utviklingsfase.

Alle adeptar som var med i ordninga i 2022 høyrde heime i kategorien ung og/eller ny i landbruket. Gjennomsnittsalder på adeptane var 34,2 år. Unge produsentar vart prioriterte.


Basert på evalueringskjema og personlege tilbakemeldingar på møte, sms, e-post og i kontakt med regionkontaktar, meiner vi at målet med å hjelpe aktuelle produsentar i ein oppstarts- eller utviklingsfase er oppnådd.

### Søknadar og utveljing av deltararar

Søknadssystemet vart aktivert 1. september 2021 med søknadsfrist 1. desember. Ved fristen var det kome inn 162 søknadar. Interessa for å bli med var nokolunde jamt fordelt utover i landet sett i forhold til fordeling av bønder.

Utveljinga av para vart gjennomført med invitasjon til faglaga og Innovasjon Norge (IN) regionalt om å bidra. I utveljingsprosessen vart e-post, SMS og telefon nytta, i tillegg til nettmøte i nokre regionar. Fleire regionar erfarte god støtte frå landbruksforvaltninga (kommunar og fylke) og regionkontaktane fekk gode tips om aktuelle deltararar (mentorar og adeptar) derifrå.

Etter søkerbehandling vart det tatt opp 135 par til ordninga i 2022.



Figur 1. Geografisk fordeling av mentorpara i 2022.

Regionkontaktane gjorde ein tidkrevjande og god innsats for å få satt saman para. Dei fekk god hjelp frå kollegaer med oversikt over aktuelle kandidatar til å bli mentor. Sjølv om fleire søker om å vera mentor, er det ikkje sjølvsgatt at desse kan brukast. Mentorane som skal vera med må vera tilpassa den enkelte nye bonde både geografisk, fagmessig og personleg. I dei fleste tilfelle vart den nye bonden oppfordra til å kome med forslag til mentor og ta kontakt med aktuell mentor for å undersøke om vedkommande passa for seg, før paret vart satt. Det sikra òg at paret passa best mogleg i lag.

Arbeidet med registrering, utveljing av par og svar til deltakarane skjer i ein hektisk periode i desember, slik at alt er klart til oppstart i januar.

## **Oppstartssamlingar**

Oppstartssamlingane for mentorar og nye bønder vart gjennomført på Teams, 20. januar 2022. Det var felles opplegg for alle regionar før lunsj. Etter lunsj var det oppdeling i regionar, med same opplegg for alle. Alle para var oppfordra til å sitte parvis, og skrive avtale på oppstartsamlinga. Deltakinga var svært god, og høgare enn tidlegare med fysiske samlingar.

Av programmet kan nemnast helsing frå faglaga sentralt, orientering om kva det vil seie å vera mentor og korleis regionkontakt skal brukast. Det var foredrag om kommunikasjon, og IN deltok med innlegg på regionsamlingane.

Der para ikkje fekk til å samlast på oppstartsamling, organiserte regionkontakt eigne gruppесamlingar i etterkant.

På oppstartsamlingane vart det lagt vekt på rolla mentor har i å få adept med i sitt nettverk lokalt i tillegg til fagleg kompetanseoverføring.


## **Oppfølging gjennom året**

Regionkontaktane hadde kontakt via telefon med alle mentorpara i april/mai og august for å kartlegge status for aktivitet. Dette vart det gjort ein grundig jobb på sidan oppstartsamlingane var digitale. Tilbakemeldinga var frå liten aktivitet til godt i gang.

Prosjektleiar hadde jamn kontakt med regionkontaktane gjennom nettmøte, e-post og telefon gjennom året for å få oversikt over status, justering av opplegg undervegs og planlegging av vidare framdrift. Samspelet og erfaringsutvekslinga mellom regionkontaktane er viktig for å få til eit best mogleg opplegg. Dette er eit av suksesskriteria i ordninga.

## Fordeling på fagområde

Flest mentorpar var det på fagområdet sau og geit, med 24 par. Fagområda mjølk, ammeku, korn og markedshage hadde også eit tosifra tal mentorpar.



Figur 2. Fordeling av mentorpara på fagområde i 2022.

## Fagsamlingar og avslutningssamlingar

Fagsamlingar gjer det mogleg for deltakarar med same interesseområde å møtast, bygge nettverk og dele erfaringar. Dei vart gjennomført på Teams frå 12. september til 20. oktober og hadde følgande tema:

- Bonden - gårdenes viktigste ressurs. Praktisk HMS i hverdagen
- Lokal foredling, erfaringsutveksling
- Oppstart av ein frukthage. Erfaringsutveksling
- Stell av kalv
- Grunnleggende økologi. Regelverk
- Nye produksjonsmetoder innen bær
- Bonden som bedriftseier
- Drenering og hydrotekniske løsninger
- Småskala grønnsakproduksjon, produksjonsmetoder
- Innføring i presisjonslandbruk
- Grovfôr mer enn bare grønt gras?
- Inn på tunet, erfaringsutveksling

Avslutningssamlingar vart gjennomført 1. november fysisk (Viken) og felles på Teams 3. november og regionvis i etterkant. Tema var erfaringsutveksling, to par presenterte sitt opplegg med påfølgande supplering frå dei andre, i tillegg til at rutinar for rapportering.

## Gjennomføring og rapportering frå mentor

Det er utarbeida eit enkelt rapporteringsskjema der mentor saman med adept fyller ut aktiviteten dei har gjennomført gjennom året. Rapporten er skrive under av begge deltagarar. Rapporten blir godkjent av regionkontakt før utbetaling frå NLR sentralt.

Av dei 135 para som starta opp, har 106 par rapportert inn aktiviteten og mentor fått betalt for utført arbeid. Kontakt med alle para tilseier at fleire enn desse har gjennomført, men ikkje rapportert sjølv om dei har fått fleire påminningar.

Av innmeldte årsaker til at dei ikkje har fullført kan nemnast: sjukdom, dødsfall, for travelt, søkte eitt år for tidleg, måtte gjera endringar på bruket på grunn av utanforståande hendingar. I inga tilfelle er det oppgitt at mentor og adept ikkje har klart å samarbeide. Regionkontaktane har gjort en god jobb med å sette sammen gode par.

## Evaluering 2022

Alle deltagarar fekk tilsendt evalueringsskjema frå prosjektleiar. Det var eitt skjema for ny bonde og eitt for mentor. 83 av deltagarane svara på skjema, med fordeling 38 nye bønder og 45 mentorar. Dette utgjorde ca. 31 % av deltagarane.

### Ny bonde

På evalueringsskjema vart det mellom anna stilt spørsmål om korleis dei vart med i ordninga. I starten av prøveordninga søkte omlag 50 % sjølve om å få bli med, medan resten vart førespurt. Tendensen har etter oppstartsåret vore aukande søknader frå potensielle deltagarar, og i 2022 var det heile 89 % som meldte seg på sjølve. (80 % i 2022 og 78% i 2021 ) basert på dei som svara på undersøkinga.

Det er mogleg å be om namngitt mentor på søknadsskjema eller i dialog med regionkontakt i søknadshandteringsa. 68 % kjente ikkje mentor frå før, medan 39 % hadde fått mentor som dei sjølve hadde bedt om.

89 % av dei som svara var nøgde med fem møter mellom mentor og adept. 11 % kunne tenke seg fleire samlingar. Dette er same tendensen som tidlegare år.

Det vart òg undersøkt kor nøgde deltagarane i mentorordninga var på ulike nivå. Jamt over var deltagarane svært fornøgd med ordninga. Dette er på same nivå som tidlegare år.

Ubytte av fysiske møter (5,5 poeng) ligg litt høgare enn andre møter som nettmøte eller mobil (5,3). I 2021 vart mange av møta utført nettopp på mobil eller nett på grunn av pandemien. Det er difor godt å sjå at adeptane fekk stor nytte av ordninga sjølv om dei ikkje fekk til like mange fysiske treff som planlagt.

Både oppstartsamlinga og avslutningssamlingane får same score, 4,7 og 4,6. Oppfatninga av desse samlingane er veldig sprikande med poeng frå 1 til 6. Generelt kjem det fram at dette var lærerike og gode samlingar.

Fleire av deltakarane skriv at dei kanskje ville hatt enno meir utbytte av fysiske samlingar enn Teams-møter. Dei fleste skriv at dette er ei god ordning som dei på det sterkeste tilrår for andre nye i landbruket.

### Mentor

13 % av mentorane fortel at dei sjølve søkte om å få bli med i mentorordninga, 36 % fekk spørsmål direkte frå adept og resten (51 %) fekk spørsmål om å bli med av regionkontakt. Dette samsvarar med tilbakemeldingar frå regionkontaktane om at det er ei krevjande oppgåve å få tak i gode mentorer som passar for adeptane. Tendensen til at deltakarane sjølve finn seg ein mentor er likevel stigande.

29 % av dei som svara på evalueringa oppgir at dei kjente adept frå før. I utveljinga av mentorar la regionkontaktane, der det ikkje er ønska ein namngitt mentor, vekt på at fysisk avstand ikkje er for stor, men likevel stor nok slik at aktørane ikkje kjenner kvarandre godt frå før. Fleire av mentorane nemner at det er ein fordel at dei ikkje kjenner den nye bonden eller familien til ny bonde frå før. Kjennskap og vennskap kan føra til at ein ikkje er like opne.

87 % av mentorane meiner at adept har brukt dei passe mykje. Dette samsvarer godt med året før. Berre ein av mentorane syntest han/ho vart brukt for mykje. 91 % synest at fem samlingar er passe. Sjølv om dei fleste (87 %) skriv at den økonomiske støtta er passe, meiner likevel 11 % at kr. 8000 er for lite. Dette samsvarar godt med tidlegare år. Honoraret til mentor har vore stabilt på kr 8000 frå oppstart.

Mentorane er jamt over svært nøgde med å vera med i ordninga. Berre ein av dei som har svart seier at han/ho ikkje vil vera mentor igjen. 13% veit ikkje, dette er noko høgre enn tidlegare år.

Andre moment som mentorer nemner i evalueringa er:

- Utrolig viktig tilbud til nye bønder
- Hjå oss har det fungert med vekselvis besøk hhv hjå mentor og ny bonde
- Trur det er viktig for nye bønder å kunne spørje nokon som dei veit får betalt.
- Interessant å delta

### Marknadsføring

Erfaringar frå dei siste åra tilseier at marknadsføringa må starte tidleg. Alt i vekstsesongen vart det laga reportasjar i media om ordninga. Det meste av marknadsføringa går gjennom aviser, fagblad, medlemsblad, nett, sosiale media og nyhetsbrev. I tillegg har regionkontaktane vore i dialog med samarbeidspartane på regionalt nivå for å marknadsføre ordninga.

Marknadsføringa har vorte styrt etter ein intern kommunikasjonsplan. Det er laga ei eiga nettside der mange av reportasjar om mentorordninga er samla: <https://www.nlr.no/mentor/>

Vi erfarer at på tross av god marknadsføring kan det vere vanskeleg å nå fram til aktuelle deltakrar. Best respons får vi når vi har direkte kontakt med framtidige adeptar på messer, møter eller andre treffpunkt.

Det vart laga to søknadsportalar – ein for nye produsentar og ein for mentorar. Søknadsportalen under [Mentorordninga i landbruket | Norsk Landbruksrådgiving \(nlr.no\)](#) vart opna 1. september. Søknadsfrist var som tidlegare 1. desember.

## Økonomi

Prosjektregnskap for 2022 viser eit forbruk på 3 106 103 kroner. Ordninga vart tildelt eit tilskot på 3 millionar kroner for 2022. I tillegg har vi eit overført beløp frå tidlegare år på 1 297 697 kroner.

På grunn av god erfaring med nettmøte under pandemien ble dei fleste samlingar også i 2022 arrangert på nett. Dette medførte sparte møtekostnader, lågare utbetaling av møtegodtgjering og reiseutgifter til mentorar. På grunn av pandemien vart det òg mindre reiser for mentorar enn budsjettet dår fleire av treffpunktene var på telefon og nett. Dette var kjent ved budsjetting, men det er likevel eit mindreforbruk på reiser og møter.

Vi har tidlegare bedt om og fått utbetalt kr 2.500.000. Basert på prosjektregnskapet, ber vi om at restbeløpet på kr 606 103 blir utbetalt til vår bankkonto 1080.17.49017 og merka Mentorordninga 2022.

Vi ber også om at ubrukte midlar på kr 1 191 594 blir overført til 2023.

**Tabell 1. Prosjektrekneskap 2022**

	Regnskap 2022	Budsjett 2022
<b>Inntekter</b>		
Forskuddsutbetalte tilskudd fra LMD	2 500 000	3 000 000
Overført fra tidligere år		1 297 697
<b>Sum inntekter</b>		<b>4 297 697</b>
<b>Personalkostnader</b>		
Sentral prosjektledelse, markedsføring og administrativ støtte	613 739	500 000
<b>Driftskostnader</b>		
Regional prosjektledelse inkl. markedsføring	1 164 973	1 100 000
Mentorbistand	1 188 708	1 000 000
Møter	0	200 000
Reisekostnader	134 177	200 000
Andre kostnader	4 505	
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 492 363</b>	<b>2 500 000</b>
<b>Sum kostnader</b>	<b>3 106 103</b>	<b>3 000 000</b>
Restbeløp 2022 til utbetaling	606 103	
Overføres til 2023	1 191 594	

Ås, 28. februar 2023

Mette Feten (sign.)

Ansvarleg for Mentorordninga i landbruket i NLR

  
Jon Mjærum

Seniorrådgiver

**Vedlegg: Utskrift av prosjektregnskap Mentorordninga 2022**